



Saksprotokoll

Organ: Hovudutval for samferdsle

Møtedato: 12.05.2016

Sak nr.: 16/3423-3

Internt l.nr. 16447/16

Sak: 17/16

Tittel: Økonomiplan 2017-20 - Prioritering av utgreiingsoppdrag på samferdslesektoren

Behandling:

Frå fylkesdirektøren låg det føre slik tilråding til vedtak:

Fylkesdirektøren rår hovudutvalet for samferdsle til å gjere slikt vedtak:

1 Hovudutval for samferdsle tilrår at det uspesifiserte innsparingskravet på 0,8 mill. kr vert lagt til Teneste 7300 – Buss – kjøp av teneste i 2017 og i økonomiplanperioden.

2 Hovudutval for samferdsle tilrår at ei eventuell iverksetjing av utgreidde tiltak på eigen sektor vert realisert i slik rekkefølge og med følgjande beløp: (dette punktet vert lagt fram utan tilråding)

3 Hovudutval for samferdsle gjev følgjande tilråding i høve utgreiing #51 Folkehelsearbeidet: (dette punktet vert lagt fram utan tilråding)

Endringsframlegg:

Punkt 2:

Det vart sett fram 3 ulike framlegg til nivåinndeling av innsparingstiltaka. Dette er synt i vedlegg.

Hovudutval for samferdsle sette fram slikt framlegg til nye punkt 2 b – 2 d:

2 b: Hovudutval for samferdsle tek atterhald om endringar i nivåinndeling innanfor utgreiing 45 til møtet 31. mai. Til dette møtet ber utvalet om at administrasjonen set opp ei samla oversikt over alle mogelege innsparingar på samferdslesektoren, slik at hovudutvalet kan tilrå ei samla nivåinndeling.

2 c: Hovudutvalet gjer merksam på at innsparingskravet - uansett nivå på driftsstandard, ikkje kan gjennomførast så raskt som det er lagt til grunn i gjeldande økonomiplan

2 d: Nivå 3 inneheld tiltak som Hovudutval for samferdsle meiner har store konsekvensar, og som vil gje ei svært dårleg utvikling for Sogn og Fjordane.

Hovudutval for samferdsle sette fram slikt framlegg til punkt 3:

3: Hovudutval for samferdsle gjev følgjande tilråding i høve utgreiing #51 Folkehelsearbeidet: Hovudutval for samferdsle har ingen merknader til utgreiinga.

Avrøysting:

Punkt 2 a:

Framlegget frå Venstre fekk 1 røyst, framlegget frå Høgre fekk 3 røyster, framlegget frå Senterpartiet og Arbeiderpartiet fekk 5 røyster og vart vedteke.

Punkt 2 b – 2 d:

Framlegga frå hovudutvalet vart samrøystes vedtekne.

Dette gir følgjande endeleg vedtak:

1 Hovudutval for samferdsle tilrår at det uspesifiserte innsparingskravet på 0,8 mill. kr vert lagt til Teneste 7300 – Buss – kjøp av teneste i 2017 og i økonomiplanperioden.

2a Hovudutval for samferdsle tilrår at ei eventuell iverksetjing av utgreidde tiltak på eigen sektor vert realisert i slik rekkefølge og med følgjande beløp: Viser til vedlegg.

2 b: Hovudutval for samferdsle tek atterhald om endringar i nivåinndeling innanfor utgreiing 45 til møtet 31. mai. Til dette møtet ber utvalet om at administrasjonen set opp ei samla oversikt over alle mogelege innsparingar på samferdslesektoren, slik at hovudutvalet kan tilrå ei samla nivåinndeling.

2 c: Hovudutvalet gjer merksam på at innsparingskravet - uansett nivå på driftsstandard, ikkje kan gjennomførast så raskt som det er lagt til grunn i gjeldande økonomiplan

2 d: Nivå 3 inneheld tiltak som Hovudutval for samferdsle meiner har store konsekvensar, og som vil gje ei svært dårleg utvikling for Sogn og Fjordane.

3: Hovudutval for samferdsle gjev følgjande tilråding i høve utgreiing #51 Folkehelsearbeidet: Hovudutval for samferdsle har ingen merknader til utgreiinga.